



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55
TELEFAX 56 35 28 00

Dahl Svein
Lægdesvingen 80B

5030 LANDÅS

Dykkar ref.

Vår ref.
FF0/98/5152/058/151/002

Dato: 24.02.99

SAK 31 /99 BYGGESAK - SØKNAD OM TILTAK - FRITIDSBUSTAD - NYBYGG DAHL SVEIN - GNR.058 BNR.151 - LYGRE INDRE

Saka er handsama av bygningssjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Søknad om løyve til tiltak, mottatt 26.11.98

Situasjonsplan 1:1000

Teikningar med terrengprofilar M=1:100

Kvittering for mottatt nabovarsel

Kontrollplan for utføring mottatt 07.01.99

Søknad frå Svein Dahl om personleg godkjenning mottatt 26.11.98

Søknad om ansvarsrett for Svein Dahl mottatt 26.11.98

Eigenmelding frå R.Valle Maskinstasjon mottatt 19.02.99

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld oppføring av frittstående fritidsbustad på 140 m² brutto grunnflate. Det er hems i ca. halve hytta. Tiltakshavar søker om å vera sjølvbyggjar og søker om personleg godkjenning etter §17.2 i forskrift om foretak for ansvarsrett, i tiltaksklasse 1. Han vil vera personleg ansvarleg for oppføringa av fritidsbustaden til seg sjølv og kona.

Som koordinator/samordnar og kontrollerande for gjennomføringa av byggjeprojektet har han engasjert bygningsinspektør Per Edvardsen i Bergen kommune.

Hyttetomta vart godkjent frådelt i sak 177/97 i formannskapet/planutvalet. Hytta skulle då ikkje ha innlagt vatn og det skulle installerast biologisk toalett. Det vert no søkt om innlagt vatn og vassklosett. Etter lokal forskrift av 21.04.97 om bruk av separate avlaupsanlegg kan løyve til utslepp til sjø godkjennast i dette området.

Ei bustadtomt (058/150) som også vart godkjent frådelt i sak 177/97 fekk godkjent utslepp til sjø via 4 m³ slamavskiljar. Eigaren av hyttetomta søker om å få løyve til å gå saman med bustadtomta om eit felles utslepp for desse tomtene og auka storleiken på slamavskiljaren.

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen, og høgd på topp grunnmur (Plan- og bygningslova § 70 nr.1).
2. Det skal vera tilfredsstillande tilgang til hygienisk betryggjande og

tilstrekkeleg drikkevatt. Anlegg av brønn med sikringstiltak skal meldast til kommunen (PBL §§ 65 og 83).

3. I medhald av Plan-og bygningslova § 66.2 og lokal forskrift for bruk av separate avlaupsanlegg vert det for tomtene (058/150 og 058/151) gjeve løyve til avlaup gjennom ein felles min. 7 m³ 3-kamra slamavskiljar av godkjent type, før utslepp gjennom ein tett utsleppsleiding med min. 0.4 m overdekning, direkte til sjø på min. 10 m djupne, jfr. vedlagt utsleppsformular med anvisningsblad.

Leidningen skal forskriftsmessig forankrast med lodd, slik at den m.a. ikkje er til skade for fiskereidskaper. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast av slamsugarbil. Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for evt. forureining, jfr. § 7 i Forureiningslova.

4. Bygningssjefen gjer merksam på at vilkåra i sak 177/97 i formannskapet/planutvalet skal følgjast opp.
5. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for prosjekteringa og kontroll for prosjekteringa.
6. Det skal sendast inn signert kontrollplan for prosjekteringa som viser at kontroll er utført.
7. Grave- og sprengningsarbeidet må inn i kontrollplan.

Godkjenning av foretak for ansvarsrett:

Sjølvbyggjar Svein Dahl vert godkjent som ansvarleg søker, samordnar, utførande og kontrollerande for utføringa. Grunngevinga for godkjenninga er kvalifikasjonane til dei fagpersonane han skal nytta til dette tiltaket.

Det skal sendast inn signerte eigenmeldingar frå alle fagpersonar/medhjelparar som skal delta i byggeprosessen.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for bygningssjefen

Fridtjof Fosse
Fridtjof Fosse
sakshandsamar

48 17 54 45
56 37 56 25

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, postboks 106, 5001 BERGEN